

Saksprotokoll i fylkestinget - 15.12.2021

Frank Willy Djuvik (FRP) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Stimuler privat givarglede til kunst, kultur og frivillig sektor

I statsbudsjettet for 2022 er det foreslått to store endringar knytt til finansiering av frivillig sektor og kulturlivet.

Skattefrådraget for gåver til frivillig lag og organisasjonar vert halvert frå 50 000 kr til 25 000 kr. I tillegg fjernar ein gåveforsterkningsordninga innan kunst- og kulturfeltet. I denne ordninga har staten plussa på gåver frå private til kunst- og kulturinstitusjonar med 25% statleg tilskot.

Begge ordningane har hatt stor positiv verknad for frivillig sektor og kulturinstitusjonar. Omfanget av gåver gitt gjennom skattefrådragsordninga har auka kvart år sidan den ble innført i 2003, og i 2017 ble det til dømes gitt gåver for over 4 mrd kr i ordninga. Over 800 000 personar og bedrifter fekk det året skattefrådrag, og ca 600 organisasjonar var godkjent for å motta gåver gjennom ordninga.

Også gåveforsterkningsordninga har stort omfang. Frå 2014-2020 har ordninga bidratt til at private har gitt nesten 2,5 mrd kr i gåver til ulike kunst- og kulturaktørar rundt om i landet.

Bidrag frå private er ei viktig finansieringskjelde for mange frivillige aktørar, og incentiva frå staten gjennom skattefrådrag og gåveforsterkningsordninga har vore viktig for å stimulera den private givarglede.

Vestland fylkesting er uroa over at endringane som no vert gjennomført vil svekkja økonomien til frivillige lag og organisasjonar, samt den private finansieringa av kunst- og kulturaktørar.

Vestland fylkesting oppmodar difor Regjeringa og Stortinget om å oppretthalda desse tiltaka for å stimulera til privat finansiering av frivillig sektor og kunst- og kulturfeltet.»

Avrøysting

Det var 61 representantar til stades

Djuvik sitt forslag fekk 25 røyster (FNB, FRP, H, PP, KRF, UA) og fall.

Vedtak

Det vart ikkje fatta vedtak i saka.